

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Stephan Smeby
Arkivsaksnr.: 21/624-2

Arkiv: 243 V08

Revisjon av kommunal strategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL 2021-2024

Rådmannen si tilråding:

Kommunal strategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL 2021- 2024 vert godkjent som det går fram av vedlegget.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg:

1. *Utkast til revidert kommunal strategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL 2021- 2024* (Luster kommune)
2. *Rettleiing til kommunar for utarbeiding av overordna retningslinjer* (Statsforvaltaren)
3. *Innspel til revisjon av kommunal strategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL 2021- 2024* (Bondelaga i Luster Samstyret ved Claus Moe)

Uprenta vedlegg:

1. *Kommunal tiltaksstrategi for økonomiske verkemidlar i landbruket 2017-2020* (Luster kommune)
2. *Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket av 04.02.2004* (Lovdata)
3. *Kommentarer til regelverk, forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket,* (Landbruksdirektoratet)
4. *Heimesida, SMIL - Miljøtiltak i jordbruket* (Luster kommune)

Utval som har vedtaksmynde:

Mynde til utvalet er gjeve i fylgjande lov, forskrift eller delegeringsmynde: Plan - og forvaltningsstyret handsamar saka 08.04.20201 (jamfør retningslinjer om lokal forankring)

Fakta:

Luster kommune sin strategi vart fyrste gong vedteken 04.10.2004 og skal reviderast kvart fjerde år. Ny strategi vil gjelda for 2021 – 2024.

Føremålet med lokal tiltaksstrategi er å fastsetja overordna retningslinjer for bruk av tilskotsordningane for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) i Luster kommune innanfor rammene i gjeldande forskrifter.

Bondelaga i Luster, Bonde - og Småbrukarlaget, Luster Sau og Geit og Statsforvaltaren i Vestland har fått høve til å komme med utale på revider utkast, uttalefrist var 24.03.2021. Bondelaga i Luster Samstyret ved Claus Moe kom med innspel.

Vurdering:

Dei viktigaste endringane i framlegget er som fylgjer

- Meir vekt på krav om antikvariske prinsipp ved restaureringsprosjekt, dvs. at arkitektur og materialval vert tilnærma identisk i forhold til det «originale».
- Større vektlegging på og konkretisering av tiltak som hindrar/reducerer ureining i samsvar med sentrale føringar.
- Fjerning av forvilla førekomstar av framande artar er flytta frå prioritet 3 til prioritet 2 fordi det høyrar saman med «tiltak som bidreg til å ta vare på biologisk mangfald i Luster kommune» som er prioritet 2
- Tydeleggjing av vilkår for tildeling av tilskot.
- Det er presisert at søkjarar med bustadadresse på landbrukseigedomen blir prioritert føre søkjarar/eigarar som ikkje har flytta til eigedomen.
- Tilvising til kommunen sine heimesider om bl.a. oppdaterte rettleiande timesatsar, og arealsatsar.

Innspel:

«Bondelaga i Luster kommune meiner at det er viktig å prioritere opne kulturlandskap og miljø.

Tilskotet til beiterydding er godt etablert og mykje nytta. Det gjev positive verknader på fleire områder og må gjerne styrkast. Tilskotet gjev fint kulturlandskap for turistane, gode beite for dyra, trivsel for bøndene, albedoeffekt for klimaet og svært gode levekår for mange raudlista insekt, sopp og planter.

Drenering/grøfting av jordbruksjord - tilskot til dette er etablert i ei anna ordning men

kanskje burde kommunen nytte SMIL midlar til å stimulere ekstra. I gjeldande ordning er det eit tak på 2000kr i tilskot pr daa grøfta areal. Dette er lite i høve kostnad med å grøfte i bratt, steinete jord med små teigar og fjell under. Auka satsing på drenering og grøfting vil gje positiv verknad på miljø med redusert avrenning, auka avlingar av betre kvalitet, mindre køyring og mindre attgroing. Dårleg tilstand på drenering /grøfting er truleg ofte årsak til at

jord går ut av bruk. Bondelaga føresler at SMIL-midlar vert nytta til minst dobling av

gjeldande sats, at minste areal/sats vert redusert noko men at det kan innførast tak pr bruk pr år.» (Bondelaga i Luster Samstyret ved Claus Moe).

I samband med høyringa (for SMIL) kom det innspel frå Bondelaga i Luster om at beiterydding gjerne må styrkast. Rydding av slåtte- og beitemark er allereie høgaste prioritet og søknadsrundane har vist at dei aller fleste som har søkt, har fått tildelt midlar. Det er vanskeleg å vurdere arbeidsomfanget på slike prosjekt og ein har brukt tre kategoriar med faste satsar. Det har fungert, men satsane per daa kan vurderast dersom ein ser at det vert færre slike tiltak. Men me har sett at nokre prosjekt har hatt store stordriftsfordeler og har derfor justert tildelinga for dei for å få tildelinga meir i samsvar med arbeidsomfanget.

Drenering/grøfting av jordbruksjord kan ha positiv effekt slik bondelaga påpeikar og den nasjonale satsen som er sett i forskrift er relativt låg. Men rettleiaren til SMIL-ordninga seier dette om grøfting: «Vanlig grøfting/drenering av jordbruksareal faller utenfor forskriftens formål. Dreneringstilstand kan vurderes innanfor ordninga «Drenering av jordbruksjord»». I strategien ligg «Tiltak som hindrar/reducerer ureining, som til dømes avrenning og klimagassutslipp frå jordbruksdrifta» som høgste prioritet. Dette inkluderer utbedring og suppering av hydrotekniske anlegg og i følgje rettleiaren kan det vere gjenopning av bekkelukkingar (open kanal) og avskjeringsgrøfter for å redusere erosjon og arealavrenning (når det ikkje er ein del av eit ordinært dreneringsarbeid).

Rådmannen viser til prenta vedlegg: Utkast til revidert kommunal strategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL 2021- 2024. Her finn ein kommunen sin tilskotsstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL). Planen/strategien vert tilrådd vedteken slik den er lagt fram.

Dato: 26.03.2021

Jarle Skartun
rådmann

Magnus Snøtun
Fagleiar landbruk

Særutskrift skal sendast:

m/kopi til:

Statsforvaltaren I Vestland avd. Leikanger

Alle Bondelag Luster kommune, (sjå mottakarliste i journalp.21/624-1)

Luster Sau og Geit

Luster Bonde og Småbrukarlag